



Aud Farstad, Undervegs med Nanna With. Foto: Orkana forlag.

Aud Farstad
Undervogs med Nanna With.
Globetrottar og samfunnsbyggjar.
Nynorsk, 312 sider
Orkana Forlag 2025

Vidt og breitt om Nanna With:

Et nytt blikk på 1900-talets pressehistorie

Ein ny biografi om Nanna With gjev oss ny kunnskap og ei ny tilnærming til 1900-talets medie- og organisasjonshistorie.



Arnhild Skre
Dr philos i historie
E-post: ajskre@gmail.com

Vi som har skrive biografisk og pressehistorisk om det tidlege 1900-talet, har lenge kjent til Nanna With (1874–1965). Ho var forleggjar og redaktør for det allmennkulturelle bladet *Hver 14de Dag* frå 1907, suksessen som i 1909 blei til *Hver 8de Dag*, og idémakar og redaktør for skattkista Illustrert *Biografisk Leksikon over kjendte norske Mænd og Kvinder* (1920), vel Norges første utgjeving i sitt slag, og kjappare ute og lettare og meir underhaldande i forma enn det bindsterke *Norsk Biografisk Leksikon* (1921–1983). Før dette skreiv With i avisa *Vesteraalen*, der ho blei ei av landets første kvinnelege lokalavisredaktørar.

At faren var Richard With, Hurtigrutas far, har vi også visst. Richard Withs liv er det skrive mykje om. Nå har Aud Farstad forska fram ein biografi om dottera og viser oss Nanna Withs arbeid og liv som rikare enn tidlegare kjent, og breiare enten ein ser det tematisk eller geografisk.

Aud Farstad er historikar og forfattar av sosial- og helsehistorie, med den rikhaldige boka om distriktsjordmødrene som den mest kjende. Ho har også skrive om Jugendstilsenteret i Ålesund og pressehistorisk om journalisten Amanda Cecilia Olsen (1887–1967).

Frå fødsel og oppvekst

I biografien om Nanna With følgjer Farstad hovudpersonen sin frå fødsel og oppvekst i Vesterålen, som blei pregande, og gjennom tidleg flytting sørover til Bergen, til studium i Berlin og sjølvsgat

til Kristiania, der ho bygde eit mediekonsern som ho dreiv i nærare femten år.

Sidan reiste Nanna With jorda rundt åleine – på første klasse – og deretter landet rundt med foredrag om jordomseglinga si. Ho sette foten på Svalbard, ikkje som fangstkvinne, men som turist då faren prøvde ut cruiserute dit.

Ei kvinne som har sterke organisatoriske evner og ei forståing for krafta i å stå saman, trer tydeleg fram i Farstad si skildring av alle dei viktige organisasjonane Nanna With var med på å stifte eller sat i styret for, eller begge delar. Særleg har nordnorske studentar i Oslo mykje å takka henne for, som den krafta ho var bak Nordnorsk student- og elevhjem, opna i 1960, ei tid då dei fleste husvertar i hovudstaden avskydde losjerande nordfrå.

Musikardraum som brast

Det er likevel framstillinga av yrkeslivet som fascinerer meg sterkast i Farstads bok om Nanna With. Ho drøymde om å bli konsertpianist og studerte hos Agathe Backer Grøndahl før ho sikta endå høgare og drog til læretid i Berlin. Der blei ho realitetsorientert om strevet ho måtte gjennom for å få draumen sin oppfylt, og ho gav han opp.

Ein kort periode var ho musikk lærar og var med og stifte den første interesseforeininga for faget, før ho – som så mange andre halvstuderte – slo seg på journalistikken, med far Withs hjelp. Det nettverket faren opna for henne, og tidas interesse for allmentorierande fritidslesing, visste ho å nyttiggjera seg i ein slik grad at ho til slutt hadde bygd medieimperiet sitt med eige trykkeri, forlag og periodiske utgjevingar, der til og med tidlege teikneseriar for barn og det populære bladet *Sportsmanden* fanst i porteføljen. Og sjølv sagt kom den organisasjonsmedvitne Nanna With inn i styret for Den Illustrerte Presses Forening, blei eit tidleg kvinneleg medlem i Oslo Journalistklubb og medlem i Norsk Presseforbund frå starten i 1910.

Ein suksess

Som publisist, redaktør og konserneigar med femti tilsette var Nanna With ein suksess. Så, i 1919, braut ho igjen opp, selde heile forretninga, utgjevarrettane og trykkeriet og reiste på jordomsegling før ho omskolerte seg, blei stemmepedagog og etablerte «Akademi for stemmedannelse, tale, læsning, deklamation, indstudering av roller» med teatersjef Bjørn Bjørnson blant lærarkreftene. Igjen stod ho i spissen for ei interesseforeining, denne gongen i stemmepedagogfaget, stifte i 1924.

Frå mellomkrigstida engasjerte ho seg også politisk, særleg for kvinnerettar, og ho var blant dei drivande kreftene i den kvinneleg handelsstandsforeininga i hovudstaden – i tillegg til i Nordlendingenes Forening, der ho alt hadde vore aktiv i fleire tiår og var det livet ut.

Opnar ny tilnærming

I utforskinga av kvinners medieliv i det tidlege 1900-talet er den rådande oppfatninga at kvinnene var få, og at dei gjerne pressa seg inn i redaksjonane. Farstads biografi om With fortel ei anna historie. With blir *dregen* inn i presselivet fordi kompetansen hennar trengst. Sidan blir ho medieaktør, ho kjøper utgjevarrettar, utvidar med nye medieslag, byggjer mediehus og skaffar eiga presse etter kvart som konsernet hennar veks.

Ho organiserer seg som publisist. Men like mykje engasjerer og organiserer ho seg som næringsdrivande.

Nanna With er, slik Farstad på framifrå vis får fram, ein ihuga kvinnerettsforkjempar samstundes som ho politisk er klart konservativ heile livet. Denne kombinasjonen var ikkje sjeldan i seg sjølv. Det

var borgarkvinnene som dominerte kvinneverk rundt 1900, og Høgre har hatt mange kvinnesaksponerer opp gjennom tiåra. Dei er gjerne kalla *blåstrømper*, men i pressehistoria er det stort sett skrive om raudstrømper, om pressekvinner på venstresida.

Biografar om kvinnelege næringsleiarar i det tidlege 1900-talet er få. Her har vi også fått noko så sjeldan som mediehistorisk biografisk kunnskap om ei blåstrømpe.

Sakn

Mangfaldet i dette livet var stort, boka byr på meir enn mediehistorie, og Farstad har gjort eit formidabelt arbeid. Som mediehistorikar er eg likevel mest oppteken av alt ho får fram om presselivet og publisistarbeidet frå tidleg 1900-tal av, og eg skulle gjerne ha ønskt meg meir om denne viktige sida av Withs liv.

Etter å ha gledd meg over dei mange kortbiografiane som Farstad har grave fram, og glitrande Nanna With-sitat frå heile sjangerspekteret hennar, sit eg paradoksalt nok att med eit par andre sakn:



Nanna With. Foto: Ukjent artist/Digitalt museum Andøy Kommune/Nordland Fylke/ Statens Veivesen.

Eg saknar eit register, og eg saknar ein djupare analyse av Nanna Withs tekstar.

Register skulle vore sjølvsgatt utstyr til Farstads rike skildring av alle dei ulike miljøa og nettverka som Nanna With var del av på sine mange verkefelt. Boka byr på eit vell av informasjon om medielandskap, kvinnenettverk, feministiske rørsler og kulturorganisering, for ikkje å snakka om det nordnorske persongalleriet ho viser. Slik boka nå er, må ein lesa side for side og laga sitt eige register undervegs for sidan å kunna nyttiggjera seg Farstads store arbeid med personopplysingane.

At Farstad ser ut til å ha blitt så fascinert av Nanna Withs bøker, reportasjar og andre tekstar frå jordomseglinga at boka som heilskap tek overbalanse, er lett å forstå. Men at ho ikkje går djupare inn i Nanna Withs språktone og skrivemåte, er eit sakn nummer to.

Tonen gjennom livet

Farstad karakteriserer Nanna Withs reportasjar og språk som friske, lette og gode, og eg er einig i at dette er ein skribent som fører eit treffande, fargerikt og fantasirikt språk.

Men ingen stader ser eg at Farstad grip det overblikket over livet som desse tekstane opnar for. Alle organisasjonane, arbeidskapasiteten og samfunnsansvaret er sjølvsgatt ei lang linje. For meg reiser det seg frå dei mange sitata i boka eit anna personlegdomsdrag som synest minst like sterkt.

Lyder det ikkje ein tone gjennom dette livet? Frå den unge musikkstudenten Nanna With via skribenten og journalisten, bak oppbrotet frå konsernstrevet og vidare i stemmepedagogikken? Eit musisk sinn, ei utprega poetisk åre som utfaldar seg gjennom musikkolking, gjennom finstemming av øyret for nyansar i menneskerøysta, og – ikkje minst – i setningsmelodiar det er ei nyting å lesa.

Aud Farstad har levert ei rik kjelde for slike tolkingar og ei nyttig bok for alle som skal skriva utfyllande om norsk presse og publisistverksemd i det tidlege 1900-talet. Hadde forlaget Orkana spandert eit register, hadde biografien om Nanna With blitt eit endå betre verktøy for oss som vil bruka han i vidare forskning.